



Bergen, august 2024

Trafikale utfordringar i og mellom Øygarden, Bergen og Askøy

Vi opplever omfattande trafikale utfordringar som følgje av bygginga av nytt Sotrasamband og anna vegarbeid. Utfordringane er særleg store i Øygarden, Bergen vest og Fyllingsdalen, men pregar også trafikken i andre delar av Bergen og til og frå Askøy.

Trafikken har vore prega av mykje kø, og uføreseielege reisetider frå dag til dag. Utfordringane har gitt forseinkingar i bil- og kollektivtrafikken, som òg har gått ut over barn som reiser til og frå skolen.

Dei som reiser mellom Øygarden, Bergen og Askøy er spesielt utsett for svingingar i trafikken, men også reiser internt i kommunane kan bli påverka grunna utfordringar med tilkøyring av bussar og taxiar.

De vil særleg kunne oppleve

- lengre reisetider enn ved ein normalsituasjon
- at barn må bli henta tidlegare
- lengre ventetid på skolen før og etter skoletid

Vi beklagar dei ulempene dette gir, og ber om forståing for dei som køyrer skoleskyss. Vi jobbar saman med våre operatørar for å gjere konsekvensane for skoleskyssen minst mogleg.

Med vennleg helsing,

Ingrid Døskeland

faggruppeleiar skoleskyss